

Finanskomiteen på Stortinget  
Næringskomiteen på Stortinget  
Mørebenken på Stortinget  
Statsministeren sitt kontor ved statsminister Jonas Gahr Støre  
Finansdepartementet ved finansminister Trygve Slagsvold Vedum  
Nærings- og fiskeridepartementet ved næringsminister Jan Christian Vestre  
og fiskeri- og havminister Bjørn Selnes Skjæran

30.10.22

## **Uttale frå Sunnmøre Regionråd om skattepolitikken i Statsbudsjettet for 2023**

*Sunnmøre Regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund.*

*Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.*

*Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser ovanfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan.*

*Sunnmøre Regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.*

Skattepolitikken må stimulere til arbeid og innsats og bidra til utvikling i alle delar av landet, også i urolege og uoversiktlege tider. Skattesystemet må difor utformast slik at det fremjar verdiskaping og investeringar i norsk næringsliv, og det må bidra sterkt til sosial og geografisk utjamning.

Vi ser at Regjeringa sitt forslag til skatteendringar fører til at planlagde og svært viktige investeringar og utbyggingar blir lagt på is, eventuelt heilt skrinlagt.

Dette skuldast både den samla skatteauken, auka skatt på arbeidande kapital, auken i arbeidsgjevaravgift og den generelle prisstigninga. Skatterekninga blir i mange høve større enn overskottet i bedrifta/konsernet!

Auka skatt på norskeigde, private selskap, høge energiprisar og aukande rente ser dermed ut til å truge mange arbeidsplassar i fylket.

Vi meiner innstrammingane er for store, at det rammar næringslivet for hardt og at det kan føre til konkursar og arbeidsløyse neste år.

Vi forventar difor at:

- Bedriftsskatten blir halden på eit nivå som gjer at norskeigde bedrifter opprettheld konkurransekrafta og verksemda si i Noreg
- At mest mogleg av overskotet vert halde i bedriftene
- Forslaget om mellombels auka arbeidsgjevaravgift på lønsinntekter over 750 000 kr blir skrota

Vi krev at Regjering og Storting set ned eit utval som legg fram eit forslag til endring av dagens formuesskatt. Forslaget må hindre at norskeigde bedrifter blir tappa for kapital og får urimelege konkurransevilkår i forhold til utanlandske eigarar og statlege selskap. Forslaget må vidare sikre skattlegging av privat luksus og redusere/fjerne nullskatteytarar og sørge for å kanalisere kapitalen inn mot investeringar i bedrifter og arbeidsplassar.

Med helsing

Knut Erik Engh  
leiar av representantskapet

Vebjørn Krogsæter  
styreleiar

Kopi: Deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd